



Arkivsaknr: 2025/4855-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - HFV Group AS - Innkjøp av dieseldrevet varmtvannsspyler til tak og fasadevask

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Innkjøp av dieseldrevet varmtvannsspyler til tak og fasadevask vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Bakgrunn

HFV Group AS er eit aksjeselskap. Bransje:81.101 Vaktmeistertenester. Registrert 14.03.2025. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

HFV Group er ein nyetablert bedrift kor verksemda i hovudsak dreiar seg om vask av bygg, derav namnet HFV, Hopland Fasade Vask. I tillegg tar verksemda oppdrag innafor vaktmestertenester, vedlikehald av eigedom, gartnararbeid/ trefelling og relaterte tenester. Verksemda vart etablert i mars 2025, har ein tilsett på heiltid og er lokalisert på Seim.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 1. juni 2025 og er forventa gjennomført 31. desember 2025.

HFV Group søker støtte frå Alver næringsfond til å gjennomføre eit utviklingsprosjekt som skal leggje grunnlaget for framtidig vekst og auka lønnsemd. Selskapet skal etablere drift med gradvis oppskalering over ein treårsperiode. HFV Group ønskjer å investere i utstyr som ein dieseldreven varmtvasspylar. Utstyret vil gjere det mogleg å tilby tenester året rundt.

HFV Group ønskjer å posisjonere seg som ein solid leverandør innan byggvedlikehald, og dette tiltaket er eit viktig steg for å realisere vekstpotensialet.

Prosjektleveranse / målsetting

Verksemda har allereie etablert seg med kundar i regionen og har ein tydeleg vekstplan frå oppstart. På kort sikt har verksemda mål om å utvikle eigen stabil arbeidsplass ved å bruka kompetanse og opparbeida erfaring til å utføra arbeid på bygg, både privat og industrielt.

Målet med prosjektet er å etablere ein berekraftig og lønnsam forretningsmodell og styrke verksemda si kapasitet til å tilby heilårlege og fleksible tenester innan bygg- og fasadevask.

På sikt har verksemda mål om å få godt fotfeste i regionen, utvide kundegrunnlaget og auke omsetninga. Dette vil kunne gi grunnlag for å tilsetje fleire medarbeidarar og vidare vekst for verksemda.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Innkjøp av dieseldrevet varmtvannsspyler til tak og fasadevask	276 000	90 000	40 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet, vedtatt 21.03.2024 og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og følgjande kriterium ligg til grunn for vurderinga:

- Bidrag til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar:

Prosjekt som stimulerer til utvikling av nye verksemder, styrking av eksisterande næringsliv, og som skaper varige arbeidsplassar i Alver kommune, skal prioriterast.

- Nyskaping, innovasjon og berekraft:

Tiltak som representerer nytenking, teknologisk utvikling eller bidreg til grøn omstilling og meir berekraftig drift, blir vurdert særleg positivt.

- Gjennomføringsevne:

Prosjektsøknaden skal vise realistisk framdriftsplan, budsjett og ei truverdig gjennomføringsevne, basert på søkjar sin kompetanse, erfaring og finansieringsevne.

- Lokal og tydleg effekt i Alver kommune:

Midlane frå fondet skal i hovudsak ha direkte effekt i Alver kommune. Det kan vere gjennom lokal verdiskaping, sysselsetting, innkjøp frå lokale leverandørar eller etablering av varig næringsverksemd i kommunen.

- Tilskotet sin utløysande effekt:

Det skal vurderast i kva grad tilskotet er nødvendig for å realisere prosjektet. Støtta frå fondet skal ha ein avgjerande eller vesentleg funksjon for oppstart og gjennomføring.

Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Prosjektet samsvarer med fondet sitt føremål, då det viser til mogleg vekst, etablering av nye tenester og bidrag til lokalt næringsliv. Selskapet har utarbeidd realistisk driftsbudsjett og som viser gradvis oppskalering av sal og resultat. Finansieringsplan er realistisk og søknadsbeløpet utgjer under 50 % av total finansiering. Tilskotet er vurdert å vere utløysande for gjennomføring av prosjektet.

HFV Group er ein liten, lokal aktør med ambisjonar om vekst og verksemda har gode føresetnader for gjennomføring.

Alver kommune vurderer prosjektet som eit døme på målretta satsing for å utvikle lokal verdiskaping i tråd med fondet sitt føremål om å styrkje næringslivet i kommunen og bidra til nye arbeidsplassar.

Kommunedirektøren si tilråding

Prosjekt Innkjøp av dieseldrevet varmtvannsspyler til tak og fasadevask vert tildelt kroner 40 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Soknad-2025-0008.pdf
- 2 HFV driftsbudsjett 3 år.doc
- 3 Investeringsbudsjett HFV.xlsx
- 4 Kostnad og finansiering spyler.xlsx